

# Nyheitsbrev til lag og organisasjonar

August 2024

No snakkar alle om at hausten har begynt, men sjølv om skulen har starta opp og lag og organisasjonar begynner å starte opp aktivitetane sine igjen, kjenner eg at det er litt tidleg for meg å kalle det haust. Eg vil gjerne nyte sommaren litt til og håpar at me framleis får nokre veker med fint ver, før hausstormane set inn.

Det er ei stund sidan sist nyheitsbrev og me startar no på ny frisk og håpar at me skal greia å få sendt ut breva ca ein gong kvar månad.

## Strandryddedagen 2024

---



Bli med på ryddedugnaden til Rein Hardangerfjord  
**19. september!**

Følg med på [framtidshavet.no](http://framtidshavet.no) for meir informasjon.

Ynskjer du å bidra litt ekstra kan du melde deg i en rolle til Rein Hardangerfjord 2024: **PÅMELDING**

Nettside: [www.framtidshavet.no](http://www.framtidshavet.no)

Facebook: [www.facebook.com/oceanscenarios](https://www.facebook.com/oceanscenarios)

Instagram: [www.instagram.com/framtidshavet/](https://www.instagram.com/framtidshavet/)

Facebook-arrangement Rein Hardangerfjord 19.09.24:  
[www.facebook.com/share/6aBWjAL8ATC2fy2s/](https://www.facebook.com/share/6aBWjAL8ATC2fy2s/)

Vidare viser me til Sunnhordland interkommunale MiljøIM sin «**rydd ei strand**» aksjon, kor lag og organisasjonar kan gjere ein dugnad og få eit tilskot per sekk dei samlar inn. Meir informasjon om dette finn de på SIM si nettside: [Rydd ei strand - SIM](#)

## På døra m.m

---

Bømlo kommune skal også i haust vera med på pilotprosjektet til Posten Norge, kor me kvar veke sender ut eit informasjonsbrev til 500 seniorar i Bømlo kommune. Dersom nokon har arrangement som dei meiner det hadde vore viktig eller kjekt blei nemnd i kalenderen i dette nyheitsbrevet, set me veldig

pris på om de tek kontakt. Me veit at det skjer mykje i dei ulike bygdene og me vil gjerne vera med på å spreie informasjon om dette, men på grunn av planlegging og trykktid, er det ofte for seint å ta det med i nyheitsbrevet når me har lese om eit arrangement på facebook eller sett ei annonse i Bømlo Nytt.

Ta difor gjerne kontakt dersom de har arrangement som de ønskjer å dela.

I samband med eit arrangement for 8.klassingar neste veke, skal det også lagast ei oversikt over aktivitetar som 8.klassingar kan delta på. Er det fleire lag og organisasjonar som ønskjer å marknadsføra seg gjennom denne brosjyren? Då me ønskjer å gje ungdommane så mykje tilbod som mogleg, er de hjarteleg velkomne til å melda inn aktivitetar og arrangement, men dette må skje før onsdag den 21.august. Ta gjerne kontakt på e-post: [johanne.kristiansen@bomlo.kommune.no](mailto:johanne.kristiansen@bomlo.kommune.no)

## **www.aktivitetforalle.no**

---

Også på [www.aktivitetforalle.no](http://www.aktivitetforalle.no) kan aktivitetar og arrangement for menneske i alle aldrar registrerast og delast.

Sjekk om ditt lag allereie er lagt inn på aktivitets/arrangøroversikten. Dersom de ikkje er det, registrer dykk som arrangør på <https://admin.aktiv-fritid.no/> Send meg ei melding om brukarnamnet og eg legg dykk til som admin. for aktivitetane/arrangementa dykkar. De kan då leggje inn arrangement sjølve i kalenderen.

Dersom dette blir for vanskeleg eller krev ressursar de ikkje har, hjelper eg gjerne til med å leggja inn arrangement i kalenderen.

## **Planarbeid og høyringar**

---

Informasjon om planar og retningslinjer som ligg til høyring i Bømlo kommune, finn de alltid på Bømlo kommune sine nettsider under [Offentlege høyringar - innspel - Bømlo kommune](#)

No ligg følgjande planar/ retningslinjer ute til høyring:

[Ny vegnorm til høyring - Bømlo kommune](#) Merknadsfrist 20.september 2024

[Retningslinjer for sal og skjenking av alkohol på høyring - Bømlo kommune](#) Merknadsfrist 12. september 2024

[Offentleg ettersyn av hovudplanen for vatn og avlaup 2024-2050 - Bømlo kommune](#) Merknadsfrist 23.august 2024

## **Arrangement og viktige datoar**

---

### **Dialogmøte lag og organisasjonar**

Måndag den 30. september kl. 18:00-20:00 blir det dialogmøte mellom Bømlo kommune og lag og organisjonar i Bømlo.

Hovudfokuset i møtet blir på den aktuelle situasjonen for lag og organisasjonar i kommunen og arbeidet med revideringa av den frivilligpolitiske plattformen til Bømlo kommune.

Den noverande frivilligpolitiske plattformen kan de lesa her: [Frivilligpolitisk plattform](#)

Det kjem invitasjon med meir informasjon om møtet.

## Tilskuddsportalen.no

---

Bømlo abonnerer på [www.tilskuddsportalen.no](http://www.tilskuddsportalen.no) slik at alle lag og organisasjonar som ønskjer det kan bruka portalen til å søkja etter tilskotsordningar som kan vera aktuelle for laget. I nyheitsbrevet prøver eg også å ta med viktige ordningar, men dersom de registrerer dykk som brukar (heilt gratis for laget) kan de abonnere på tilskotsordningar og få påminning om søknadsfristane når desse nærmar seg.

Søknadsfristar henta i frå tilskuddsportalen.no:

<https://www.bori.no/privat/medlemsfordeler/bori-fondet/> søknadsfrist 31.august

Frifond: her er det ulike søknadsfristar avhengig av kva forbund de er med i, men søknadsfristen er i mange organisjonar i slutten av august/ byrjinga av september [Frifond – Norges enkelte støtteordning for barn og unge](#)

[Stiftelsen Sofies Minde](#) søknadsfrist 1.september 2024

[Kulturrom – Tilskuddsordningen for teknisk utstyr og lokaler](#) – Her finns det ulike kategoriar av tilskot og for dei fleste er søknadsfristen 01.september

[Momskompensasjon på varer og tjenester - Lottstift](#) - søknadsfrist 02. september

[Amatørteateraktivitet i grupper - kulturradet.no \(kulturdirektoratet.no\)](#) søknadsfrist 03. september

[Tilskuddsordninger - kulturradet.no \(kulturdirektoratet.no\)](#) Arrangørstøtte for musikk, scenekunst og visuell kunst og ei rekkje andre ordningar \_søknadsfrist 03.september

[Gåver og sponing - Finnås Kraftlag \(finnas-kraftlag.no\)](#) Søknadsfrist 15. september

Då ønskjer eg ein god start på haustsemesteret og arbeidet de har føre dykk.

Helsing

Johanne Kristiansen  
Rådgjevar for folkehelse og frivilligheit